Ola i Bukt,n og heltinna frå Columbine

«For Gallantry and Humantiy — From The British Government». For tapperhet og humanitet — frå den britiske regjering.

Slik lyder inskripsjonen på ein medalje Romsdals Budstikke kom over på Buggestranda i Nesset. I fleire tiår har denne dekorasjonen ligget godt bevart i ei skuffe hos Marie Bugge, og ein samtale med henne gav oss mange interessante opplysningar omkring den omlag 85 år gamle medaljen — opplysningar som gjorde at vi gjerne ville vere med å tørke støv av denne spennande tingesten.



Til venstre:
Det eineste bildet som i dag finst av Ole Nesset. På jakkeslaget æresmedaljen frå den britiske regjeringa.

Nederst til venstre:
Heltinna frå Colombine, den 60 år gamle Betty Muat, fotografert i Ålesund 10 dager etter redninga på Lepsøy.

Nederst til høyre:
På denne måten har ein tegner tenkt seg redningsaksjonen ein februardag 1886.

Til høyre:
Den tildelte medaljen med portrettbilde av dronning Victoria på framsia.

Ole Nesset eller Ola i Bukt'n som folk kalla han til kvardags — heitte mannen som i sin tid hadde den store ære å få bære det edle metallet med bilde av den aldrande dronning Victoria innskravert. Husmannsgutten Ole var så vid konfirmert då han var med på en redningsdåd utafor Lepsøya på Sunnmøre — ein redningsaksjonsom av mange er blitt sett på som eit av sjøen store under.

Den 60 år gamle Betty Mouat frå Shetland hadde natta til 8. februar 1886 stranda etter å dreve ni døgn frå Skotland.400 mil alene i verste vinterstormen, heilt aleine i en stygt ramponert båt, «Columbine», mesteparten av tida uten mat,vatn og varme. Og det er denne redninga i opprørt hav og ureint farvatn der en gjeng norske fiskarar var med, som er bakgrunnen for medaljen frå den britiske staten, som i dag ligg oppbevart på Bugge.

I løpet av dei 87 år som er gått etter dette, er det blitt skrevne temlig mange spaltemeter om hendinga. I fjor kom det til og med ut ei bok der Betty Mouat si ville ferd over Nordsjøen og den mirakuløse redningsaksjonen er skildra:«The lone Voyage of Betty Mouat» eller på norsk: Betty Mouats einsame reise».

Men Ole Nesset er det vanskelig å finne i alt dette stoffet. Det er tvilsomt om han i det heile tatt er nemnt. Til og med naboskapet til Ole — Eidsvåg og Buggestranda — er det lite å hente av opplysninger. Dessuten så er det få som veit at han i det heile tatt var med på dette.

Det kan vere mange grunnar til dette. Ein av dei det blir lagt stor vekt på, er at Ola i Bukt'n var ein smålåten kar som ikkje ville framheve seg sjøl. Så og sei aldri tala han om medaljen han hadde heime og om bakgrunnen for denne. Eit einaste bilde var blitt tatt av mannen ogdå med medaljen på jakkeslaget.

— Kven var så denne Ole Nesset?

— Ein typisk bygdeoriginal, seier folk, utan å legge noko negativt i det. Etter at han vart vaksen, flytta frå husmannsplassen nede ved sjøen på Nesset prestegard og bygde si eiga hytte i Eidsvågen, levde han mesteparten av sitt liv for seg sjøl. Heilt til det siste, då han flytta på Nesset Aldersheim, der han døyde gamal i 19, livnærte han seg av jakt og fiske.

— Ein stor fiskar, seier folk, av det gode gamle slaget som alle hadde respekt for. Der Ola i Bukt'n låg med robåten sin, var det alltid fisk.

— Nei, han Ole var en underlig skrue, ler folk. Hadde alltid ei historie på lur, men trur du han ville fortelle det han sjøl hadde vore med på? Nei , han ville aldri framheve seg sjøl. Derfor er det også svært få som veit om at Ola i Bukt'n hadde fått tildelt medalje frå Dronning Victoria i London for framifrå redningsinnsats.

Helt vart Ola i Bukt'n aldri, og ville knapt blitt likt å kalla det heller. Men på den andre sida av Nordsjøen sat «heltinna frå Columbine», verdenskjent etter redninga ved KL Lepsøy. På Shetland møtte folk fram og hylla henne. Pengar og gratulasjonar strøyma inn, aviser og reportarar gjorde det heile til eit eventyr av dimensjonar.

På denne måten kan den gamle æresmedaljen på Bugge vitne kommande slekter om husmannsgutten Ola i Bukt'n og heltinna frå Columbine. «Men gresset er grønt for alle» seier Prøysen.

Stofftilfang:
Odd R. Solem